

Helge Henanger

Sagstad 01.05.2015

5918 Frekhaug

Meland Kommune

V/ Kristin Namdal

Merknader til revidert framlegg til kommuneplanen sin arealdel

Viser til brev mottatt 10.04.2015 og møte 30.04.2015 om endringer i kommuneplanen sin arealdel fremma av formannskapet i møte 10.02.2015, sak 23/15.

Første merknad er knytta til boligområde B_9. B_9 er utvida ved at N_3 næringsområde er tatt ut og erstatta med bolig, samstundes er det utvida ned til 100 meters grensa mot sjø. Det som i tillegg er gjort er å fjerne den delen av Gnr 18 Bnr 1 som grenser mot kommunevegen til Dalstø og dermed fjerna det som i utgangspunktet var tenkt som areal til vei inn i B_9. Den delen av B_9 som ligg mellom Furufjellet og Mjåtveit Næringspark har fall mot kommunevegen i Dalstø og det vil dermed vere naturleg med ei tilknytting til VA som allereie er etablert i kommunevegen og ut i sjøen ved havna i Dalstø. Det område som er tatt ut av B_9 vart tidlegare nytta til beite men dei siste åra har det ikkje vore brukt. Det er 7 fritids- eigedomer som har veirett i veggen som går over beite og etter at fleire av desse har vorte tatt i bruk som heilårs bustad vart det for vanskelig å samstundes ha dyr på beite. Når no alle desse eigedomane vil få mulighet til å endre til heilårsbolig vil område sin verdi som beite vere lik null. For å sikre gode løysingar til framtidig vei inn i boligområdet bør arealet igjen vere ein del av B_9.

Den andre merknaden er knytta til område i Mjåtveitstø som er avsett til grønstruktur. Den øvre delen av grønstruktur område går i ein spiss inn på eigedomane Gnr 22 Bnr 26 og 32. Eigedomsgrensene til Bnr 26 og 32 er usikre og underteikna har brukt mykje tid til å leite etter gamle grensemerker ved hjelp av dei originale skyldskifte. Slik som grønstruktur ligg i framlegg til kommuneplanen sin arealdel «tar» den ca 250 kvm av boligeiendomen Gnr 22 Bnr 26 og samstundes deler den eiendomen Gnr 22 bnr 32 i to. Dette ser ein som urimelig og forslaget til endring er at det vert gjort ei mindre justering slik at grønstruktur stoppar i grensa mellom Gnr 22 Bnr 2 og Gnr 22 Bnr 26 og 32.

Den siste merknaden gjeld næringsområdet N_5 eit område der Sagstad Kassefabrikk er etablert. Å sikre nok areal til næringsutvikling i kommunen er kanskje det aller viktigste ved den nye kommuneplanen og for Sagstad Kassefabrikk er det viktig med tilstrekkelig areal til ei fornuftig utvikling. Det som idag er den største utfordringa for Sagstad Kassefabrikk er å få til ei god løysing for parkering. Ein god del av produksjonen føregår i dag utandørs der ein tidlegare hadde parkering og ein ynskjer difor å flytte parkeringa. Ved innspel til kommuneplanen vart det teikna inn næringsareal på heile området mellom riksveien og kommunale vegar til Øvre Sagstad, dette vart redusert etter innspel frå naboar. Eg ynskjer å få heile det opprinelege arealet med i N_5 slik at ein er sikra areal til parkering. Arealdelen i kommuneplanen er ein overordna plan og omsynet til naboar vil verta ivarettatt ved ein byggesøknad.

Mvh

Helge Henanger